

Utviklingsavtale for HVO 2023 – 2026

Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø

Høgskulen i Volda vil i perioden legge til rette for studentmedverknad og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar. Studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse. Høgskulen i Volda vil utvikle eit læringsmiljø der alle kjenner seg inkludert, og utdanningane gir mangfaldskompetanse.

Styringsparameter:

1. Utvikle varierte og studentaktive arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse i alle utdanningar.
2. Styrke studentmedverknad gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet.
3. Utvikle læringsmiljøet ved gjennomføring av campusutviklingsplanane.
4. Vidareutvikle det høgskulepedagogiske tilbodet

Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule

Høgskulen i Volda vil i perioden arbeide vidare for å heve kompetansen til den einskilde tilsette og til det samla fagmiljøet, og samtidig styrke Høgskulen som ein attraktiv og utviklande studiestad prega av ein delingskultur og tilrettelegging for tverrfaglege samarbeid.

Styringsparameter:

5. Arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. på lærarutdanningane.
6. Auka publisering ved å syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling
7. Styrke internasjonalt samarbeid.
8. Utvikle ein kompetanseutviklingsplan og ta den i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.
9. Synleggjere fagkompetansen og styrke det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre ekstern og intern kommunikasjon.

Mål 3: Ein kompetent region

Høgskulen i Volda vil i perioden forsterke og utvide samarbeidet med regionale aktørar for å styrke den samla kompetansen i regionen, særleg Møre og Romsdal.

Styringsparameter:

10. Styrke arbeidsrelevansen gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar.
11. Utvikle meir praksisnære utdanningar, og auke omfang og ambisjonsnivå på fagleg utvikling og forskning i samarbeid med praksisfeltet.
12. Prioritere berekraft både i utdanning, forskning, utvikling og drift.